



Børge Isdal
Ryland 51
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar: Ref.:RQGE6P-
Skjemanr.:5367
Vår: 22/4728 - 22/53907

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2022

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 343/1 Ryland

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 08.06.22. Saka har ikkje vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga og er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova. Byggeteikningar i saka viser ikkje fleire bueininga i dette huset, og det er ukjent kvifor det er registrert som 2-mannsbustad. Ynskja endring er difor ikkje søknadspliktig etter PBL slik me ser det.

Bygningstypen er no endra frå 124- Våningshus, horisontaldelt 2-mannsbustad, til 113-Våningshus.

Vurdering:

Du ynskjer endra bygningskoden frå Våningshus, horisontaldelt 2-mannsbustad, til 111-Einebustad. Då dette er hus på landbrukseigedom vert dette registrert som 113-våningshus.

Du skriv at huset aldri har vore to- mannsbustad og at det heller ikkje har godkjent utleigedel. Du ber difor om at registrert leilighet i underetasjen skal utgå.

Matrikkellova har eit anna krav til registrering av hybel/ leilighet enn PBL. Her er det ikkje av betydning om det er gjennomgang til hovudbueining/ at den ikkje er fysisk adskilt.

Matrikkellova sin definisjon av bustad er:

«Med bolig regnes her en bruksenhet som består av ett eller flere rom, er bygd eller ombygd som helårs privatbolig for en eller flere personer og har egen atkomst til rommet/rommene uten at en må gå gjennom en annen bolig. En leilighet er en bolig med minst ett rom og kjøkken. En hybel er et rom med egen inngang beregnet som bolig for en eller flere personer, som har adgang til vann og toalett uten at det er nødvendig å gå gjennom en annen bolig. Bolig er fellesbegrep for leilighet og hybler.» Det er også presisert at eigen inngang ikkje treng bety ytre inngang. Inngang frå ein felles gang/ korridor vil vera nok som eigen inngang til ein hybel/ leilighet.

At hyblar og leiligheiter skal vera registrert er viktig m.a. pga at dei skal få tildelt offisiell adresse (her brukseiningsnummer/ bustadnummer), slik at leigetakarar skal kunne melde flytting til aktuell bustad. Dette er særskilt viktig med tanke på tryggleik t.d. ved behov for ambulanse og ved brann. Leigetakarar har også oftast bruk for eigne søppelspann, noko dei får tildelt når bygningstypen 112 er registrert.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då byggeteikningar og opplyst bruk seier at dette er ein einebustad/ våningshus.

Dersom det vert etablert utleige i bygget pliktar de å gje kommunen melding om dette, for oppdatering av opplysningar i matrikkelen, eventuelt søknad om bruksendring etter PBL for å etablere ei godkjent utleigeinng.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Børge Isdal

Ryland 51

5917

ROSSLAND